



Til dei folkevalde i Ulstein kommune

Frå:

HTV Delta
HTV Fag forbundet
HTV Norsk Sykepleier forbund
HTV Utdannings forbundet
Hovudverneombodet i Ulstein kommune

Innspel til framtidas skulestruktur og økonomi i Ulstein kommune

Hovudtillitsvalde frå Delta, Fag forbundet, Norsk Sykepleier forbund og Utdannings forbundet, samt Hovudverneombodet i Ulstein kommune ser med bekymring på den hengemyra kommunen har kome i økonomisk.

Kommunen er i ein utfordrande økonomisk situasjon og ein må freiste å finne løysingar til det beste for heile kommunen og alle tilsette ein har ansvaret for. Vi fryktar at fleire nedskjeringar kan føre til at dei tilsette vert pressa ytterlegare, med enda større arbeidsbelastning og mindre tid til arbeidsoppgåvene.

Det er foreslått at ein større del enn tidlegare av rammetilskotet skal gå til omsorg, og ein mindre del til oppvekst. Dette for å møte dei demografiske endringane som kjem framover. Vi ser behovet for meir pengar i omsorg, men ser ikkje korleis ein skal klare denne omstillinga utan at det går utover kvaliteten og arbeidsmiljøet for tilsette i barnehage og skule. Oppvekst og kultur driv allereie godt innanfor trонge rammer. Vi veit at omsorg driv effektivt og rimeleg, med lav grunnbemanning jamt over. Økonomien til alle einingane må vere slik at ein kan yte tenester på ein god og framtdsretta måte.

Kutt i budsjettet til dei ulike einingane, kan ikkje gå ut over arbeidsmiljøet til dei tilsette.

Med helsing

HTV Delta, Greta Aurvåg
HTV Fag forbundet, Hilde Ringen Hofseth
HTV Norsk Sykepleier forbund, Marianne Ertesvåg
HTV Utdannings forbundet, Hedvig Haakonsholm
Hovudverneombod i Ulstein kommune, Arne Sivertstøl